



Nils Johan Meland  
Melandsvegen 273  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/4584 - 14/19531

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
12.12.2014

## Godkjenning - riving av løe og oppføring av reidskapshus på gbnr 16/1 Meland.

### Administrativt vedtak. Saknr: 364/2014

**Tiltakshavar:** Nils Johan Meland  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova §20-2.

### Saksutgreiing:

Tiltakshavar Nils Johan Meland har ved søknad motteke 01.12.2014, søkt om løyve til oppføring av driftsbygning i landbruket , jf pbl § 20-2, bokstav b. Søknaden omfattar riving av eksisterande løe og oppføring av reidskapshus, på gbnr 16/1 på Meland. Reidskapshuset skal oppførast på grunnmuren for nøyværande løe.

### Vurdering:

#### Planstatus:

Eigedomen gbnr 16/1 er ein landbrukseigedom på 189 da. På eigedomen er det i dag oppført våningshus, garasje og eit landbruksbygg. Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF-område. Tiltaket krev ikkje dispensasjonshandsaming då tiltaket er i tråd med føremålet. Ved avgjerda er det i tillegg vektlagt at tiltaket vert plassert på nøyværande grunnmur. Tiltaket gjer soleis ikkje beslag på nytt areal på garden.

#### Nabovarsling:

Tiltaket er nabovarsla 06.11.2014. Det er ikkje motteke merknader til varselet. Det er ikkje naudsynt å gjennomføre ytterlegare varsling i saka. Nabovarsling vert rekna som tilstrekkelig etter Plan- og bygningslova § 21-3.

#### Plassering av tiltaket, høgde og avstand til nabogrense:

Tiltaket skal plasserast på noverande grunnmur som vist på situasjonskart motteke 01.12.2014. Tiltaket er i samsvar med Plan- og bygningslova § 29-4.

#### Planløyising og utsjånad:

Tiltaket har forsvarleg planløyising og er i samsvar med Plan- og bygningslova § 29-1.

### **Vedtak**

«Meland kommune gjev i medhald av Plan- og bygningslova (PBL) § 20-2 løyve til riving av løyve og oppføring av reidskapshus på gbnr 16/1 i samsvar med søknad motteke 01.12.2014.

Det vert til tilkart og teikningar motteke 01.12.2014.

Plassering som vist på kart motteke 01.12.2014 og med følgjande toleransekrav:  
I horisontalt plan + - 50 cm. I vertikalt plan + - 20 cm. Minstegrensa på 4 meter til nabogrense er absolutt.

Opplysningar om bygget, - type bygg, areal, tiltakshavar – som kjem fram i søknaden, vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova.

Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustadar og adresse.

Tiltaket skal utførast i samsvar med vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova så fram det ikkje er gjeve unntak.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong seinast 3 år etter at løyve er gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn 2 år, jf Pbl § 21-9.

Meland kommune ber om at det vert meld frå når tiltaket vert starta opp og ferdigstilt.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt

#### **Mynde**

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

#### **Klage**

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Kart og teikningar 16-1

**Mottakere:**

Nils Johan Meland

Melandsvegen 273 5918

FREKHAUG